

SØKNAD OM – HJELPEMIDDEL OG SÆRSKILT TILRETTELEGGING VED EKSAMEN

Sentralt gitt eksamen (skriftleg)/hjelpemiddel:

§ 4-24. Hjelpemiddel til eksamen

Eksamen kan organiserast med eller utan hjelpemiddel. Utdanningsdirektoratet fastset kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart fag ved sentralt gitt eksamen.

Matematikk

Del 1: Skrivesaker, passar, linjal og vinkelmålar. PC og kalkulator er ikkje tillatne

Del 2: Alle hjelpemiddel er tillatne bortsett frå Internett og kommuniserande hjelpemiddel td mobiltelefon.

Norsk

Alle hjelpemiddel er tillatne bortsett frå Internett, kommuniserande hjelpemiddel td mobiltelefon og omsetjingsprogram.

Engelsk

Alle hjelpemiddel er tillatne bortsett frå Internett, kommuniserande hjelpemiddel td mobiltelefon og omsetjingsprogram.

Lokalt gitt eksamen (munnleg)/hjelpemiddel:

Forskrift til Opplæringslova

§ 3-31. Hjelpemiddel til eksamen

Ved lokalt gitt eksamen fastset skuleeigaren kva hjelpemiddel som skal tillatast. Dei tillatne hjelpemidla må ikkje svekkje grunnlaget for å vurdere kompetansen til eleven eller privatisten.

Når alle hjelpemiddel er tillatne til eksamen, krev det at elevane gjennom opplæringa er blitt rettleidde i å vurdere kritisk kva for hjelpemiddel han/ho vil ha nytte av i arbeidet med å løysa ulike typar oppgåver.

Særskilt tilrettelegging av eksamen

§ 4-25. Særskild tilrettelegging av eksamen

Deltakarar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til deltakaren så langt råd er.

Tiltaka må ikkje føre til at ein deltakar får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen. Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at deltakaren ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i læreplanverket. Der det i kompetansemåla er kravd skriffilege, munnlege eller praktiske ferdigheiter, er det ikkje høve til å leggje til rette eksamen slik at desse ferdigheitene ikkje blir prøvde, når slik prøving er fastsett i eksamensforma for faget.

Skuleeigar avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for deltakarar. Avgjerda til skuleeigar er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Skuleeigar kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen krev ikkje vedtak om spesialundervisning.

Viser til Rundskriv Udir-4-2010 ”Retningslinjer for særskilt tilrettelegging av sentralt gitt skriftleg eksamen i matematikk..”

Særskilt tilrettelegging kan vera:

- Utvida tid, inntil ein time
- Opplesing av eksamensoppgåva
- Skrivehjelp
- Forstørra skrift (svaksynte)
- Ekstra lys (svaksynte)
- Lyd-CD
- Eventuelt andre liknande tiltak

Elevar/foreldre som vurderer å søkja om tilrettelegging, skal ta kontakt med kontaktlærer FØR søknad vert sendt skulen.

Eg/me søkjer om at elev:..... får tilrettelagt eksamen på følgjande måte.

Skriv kva type tilrettelegging du/de søkjer om:

Grunngjev søknaden ut frå sakkunnig vurdering eller praksis

Dato: _____

Elev

Føresett